



Inspeksjonsrapport for Bremnes Fryseri AS - nr. 2010.053.I.FMHO

Verksemdas namn:

Bremnes Fryseri AS

Verksemdas adresse:

5430 Bremnes

Organisasjonsnr:

933852873

Utsleppsløyve av:

26.10.2009

Tilstades frå verksemda:

Ragnhild Kringeland

Silje K. Alvsvåg

Bjørn Willy Sæverud

Peder Hopland

Vidar Helvik

Bjarne Sortland

Arkivkode: 2010/7273

Anleggsnr: 1219.0002.01

Bransjenr.(NACE –kodar):

10.209

Tidsrom for kontrollen:

24.06.2010

Frå Fylkesmannen:

Elisabeth Aune

Sissel Storebø

Rapporten inneheld :

Denne rapporten beskriv dei avvika som blei avdekka innan følgjande kontrollerte område:

- Utslepp til ytre miljø
- Vilkår i utsleppsløyve
- Handtering av farlig avfall/avfall
- Internkontrolldokumentasjon for ytre miljø

Hovudkonklusjon :

Under inspeksjonen ble det påvist følgjande avvik:

Avvik:

- 1. Grenseverdiane for feitt i utsleppløvet var overskride**
- 2. Deklarasjonsskjema mangla underskrift frå verksemda**

Merknad:

1. Verksemda bør vurdere hyppigare opptak av skum frå samlepara for fisk på kaia
2. Plikten for substitusjon er eit skriftleg krav

Frist for retting av avvik:

Frist for retting av avvik vert sett til **1. oktober 2010**

Fylkesmannen skal innan tidsfristane ha mottatt skriftleg dokumentasjon på at avvika er retta.

Utarbeida dato : 01.07.2010

Godkjent dato:02.07.2010

Sign.:

Sign.:

Sakshandsamar

Elisabeth Aune

Seksjonssjef

Kjell Kvingedal

1. Innleiing

Rapporten er utarbeida etter ein inspeksjon ved Bremnes Fryseri AS sitt anlegg i Øklandsvågen 24. juni 2010. Inspeksjonen er ein del av Fylkesmannen sitt arbeid med å handheve gjeldande krav for å beskytte det ytre miljø. Inspeksjonen fokuserer på at krava skal følgjast og rapporten beskriv avvik som vart avdekkja under inspeksjonen. **Rapporten gjev såleis ingen fullstendig tilstandsvurdering av verksemda sitt miljøarbeid eller miljøstatus.**

Definisjonar på eit avvik og ein merknad er slik:

- | AVVIK vert definert som brot på vilkår gjeve i utsleppsløyvet eller gjeldande lover og forskrifter.
- | MERKNAD er eit tilhøve som ikkje vert omfatta av definisjonen for avvik, men som Fylkesmannen meiner det er rett å peike på for å ivareta og forbetre det ytre miljø.

Alle tilsynsrapportar frå Fylkesmannen i Hordaland er offentlege og vert lagt ut på vår nettstad <http://www.fylkesmannen.no/hordaland>.

2. Dokumentunderlag

Dokumentunderlag for inspeksjonen var:

- Forurensningslova § 7 første ledd/andre ledd.
- Avfallsforskrifta kap. 11 om farlig avfall
- Internkontrollforskrifta
- Utsleppsløyve av 26.10.2009

3. Avvik

Avvik 1:

Grenseverdiane for feitt i utsleppsløyvet var overskride

Avvik frå:

Utsleppsløyve datert 26. oktober 2009 pkt 2.1 ”Feitt i avlaupsvatnet skal ikkje overstige 100 mg/l”

Kommentarar:

Målingar av feitt i avlaupsvatnet viste for høge verdiar i forhold til grenseverdi satt i utsleppsløyvet.

Verksemda målte på dei parametrane utsleppsløyvet sett krav om, men berre etter at vatnet var reinsa. Verksemda må måle på desse parametarar både før og etter vatnet vert reinsa, for å kunne verifisere reinsegraden av filteret.

Verksemda må utarbeide ein plan for korleis feittinnhaldet skal reduserast til maksimum 100 mg/l, og gjennomføre målingar av organisk materiale og suspendert stoff på ein slik måte at % reinsing av avlaupet kan dokumenterast.

Avvik 2:

Deklarasjonsskjema mangla underskrift frå verksemda

Avvik frå:

Avfallsforskrifta §§ 11 og 12:

§ 11-12. Virksomhetenes deklarasjonsplikt om avfallets innhold

”Virksomhet som leverer farlig avfall skal gi tilstrekkelige opplysninger om avfallets opprinnelse, innhold og egenskaper, slik at den videre håndteringen av avfallet kan skje på en forsvarlig måte. Når avfallet leveres, skal virksomheten fylle ut et deklarasjonsskjema som er godkjent av Statens forurensningstilsyn. Emballasjen skal merkes tydelig med deklarasjonsskjemaets løpenummer. Merkingen må tåle fysiske og klimatiske påvirkninger.”

Kommentarar

På deklarasjonsskjema for farlig avfall levert av verksemda, var det mottakselskapet SIM som hadde underteikna som avfallsprodusent. Her skal det vere verksemda som leverer avfallet som skal underteikna.

4. Merknader**Merknad 1:**

Verksemda bør vurdere hyppigare opptak av skum frå samlepara for fisk på kaia.

Det samla seg mykje skum på kaia frå samlepara for fisk, likeins kunne det samle seg ein del skum i sjøen området utanfor kaia. Av estetiske grunnar bør verksemda vurdere å betre rutinane for visuell kontroll oppsamling av dette.

Merknad 2:

Plikten for substitusjon er eit skriftleg krav

Produktkontrollova § 3a ” Virksomhet som bruker produkt med innhold av kjemisk stoff som kan medføre virkning som nevnt i § 1 skal vurdere om det finnes alternativ som medfører mindre risiko for slik virkning. Virksomheten skal i så fall velge dette alternativet, hvis det kan skje uten urimelig kostnad eller ulempe.” Fylkesmannen har ikkje myndigheit etter denne lova, men kravet til skriftleg dokumentasjon av dette går fram av internkontrollforskrifta § 5 pkt 7.